



LINDÅS KOMMUNE
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 04.10.2017
Vår ref.: 2015/8551-100
Saksbehandlar: solrong
Dykkar ref.:

Avslag på søknad om omdisponering av BARK-midler tildelt 2016 til Håkonshaugen, Lindås kommune

Me viser til brev frå Rambøll på vegne av dykk av 30.06.2017 med søknad om omdisponering innanfor budsjettet til prosjektet «Håkonshaugen», Askeladden ID 66400, som vart tildelt midlar gjennom Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK) i 2016. Søknaden vart oversendt Riksantikvaren for vurdering i brev av 06.07.2017, og dette brevet gjekk i kopi til Lindås kommune. Me har mottatt svar frå Riksantikvaren i brev datert 29.09.2017. Dette brevet ligg vedlagt.

I vår vurdering av dykkar søknad som vart oversendt Riksantikvaren har Hordaland fylkeskommune lagt vekt på at søknaden om omdisponering viser store endringar frå dykkar opphavlege søknad. Fokuset på universell utforming er sterkt redusert då det ikkje lenger er mogleg å laga trinnfri tilkomst til haugen. At det ikkje er mogleg å fjerna murar og gjerder gjer òg at haugen ikkje kan gli naturleg inn som del av landskapet på den måten som var tenkt opphavleg. Trass i at me ser at Lindås kommune ikkje har kontroll over omstenda kring desse endringane, har endringane likevel innverknad på vurderingane våre i saka.

Den eksisterande tilrettelegginga er tidstypisk for korleis kulturminne vart lagt til rette for publikum på 1950-talet. I Hordaland er det berre Håkonshaugen som framleis er lagt til rette for publikum på denne måten. I vår opphavlege vurdering av søknaden dykkar vurderte me omsynet til universell utforming som viktigare enn å ta vare på den eldre tilrettelegginga. Etter at det ikkje lenger er aktuelt med trinnfri tilkomst til kulturminnet ber me om at de vurderer å ta vare på den eksisterande tilrettelegginga. Me forstår at denne er slitt og dårleg, men de har høve til å søkje midlar gjennom BARK til reparasjon og sikring.

Riksantikvaren har gitt avslag på søknad om omdisponering. Tilsegna på kr. 15.000,- til informasjonstavle(r) står ved lag.

Me vil tilrå at de sender ein ny søknad på dei tiltak som måtte vera naudsynt for å sikra den opphavlege tilrettelegginga. Endringar av denne tilrettelegginga vil òg krevja dispensasjon frå kulturminnelova. Me minner om at søknadsfrist for tilskot gjennom BARK er 1. november 2017. Ta gjerne kontakt dersom de treng rettleiing eller råd til ein ny søknad.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Solveig Lohne Rongved
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Statsbudsjettet 2016 kap 1429 post 70 - BARK - Omdisponering av midlar tildelt 2016 - Håkonshaugen i Lindås